



Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Vår ref.
16/954-2

Dykkar ref.

Sakshandsamar

Direktenr

Arkiv

Dato:
16.12.2016

Omstillingsprogrammet i Lærdal - søknad om omstillingsmidlar for 2017

Lærdal kommune fekk status som omstillingskommune hausten 2012, i samarbeid med Årdal kommune. Dei første omstillingsløyvingane gjaldt oppstart i 2012 og omstillingsarbeidet i 2013. I februar 2014 fekk Lærdal kommune forlenga omstillingsstatus for åra 2014 og 2015, ref. tilskotsbrev datert 10.02.2014. I februar 2016 gav Sogn og Fjordane fylkeskommune omstillingsstatus til Lærdal kommune for 2016, 2017 og 2018, ref. brev datert 22.02.2016.

Med bakgrunn i vedlagt handlingsplan for 2017, søker Lærdal kommune om kr 3.5 mill. i omstillingsmidlar for 2017. Vi søker i tillegg om overføring av til no unytta omstillingsmidlar, totalt om lag kr 200 000. Sum til overføring er ein førebels prognose, inntil prosjektrekneskapen for 2016 vert avslutta. Tilskotsmidlar frå fylkeskommunen til overføring frå tidlegare år er med dette snart brukt opp. Det vart opparbeida eit etterslep i 2012 og 2013, som skuldast at ein kom seint i gang med omstillingsarbeidet.

Hausten 2015 vart omstillingsplanen for omstillingsarbeidet i Lærdal revidert. Den reviderte planen skal vera styringsverktøy for resten av omstillingsperioden. Omstillingsplanen vart revidert for å tilpassa styringsverktøyet til ei meir spissa satsing. Den reviderte omstillingsplanen har to programområde, mot fire i den opphavlege. Reduksjonen i tal programområde betyr ei spissa satsing, men dei nye programområda er likevel utforma slik at omstillingsarbeidet skal ha eit heilskapleg utviklingsperspektiv. For detaljar vert synt til den reviderte omstillingsplanen, som vart sendt inn saman med søknad om omstillingsmidlar for 2016.

Den opphavlege utviklingsplanen hadde eit tidsperspektiv 2013 – 2017. I samband med omstillingsløyvinga for 2016 fekk Lærdal kommune utvida omstillingsperioden til ut 2018.

Handlingsplanen for 2017 føl opp dei strategiane og satsingane som vart lagt gjennom revisjon av omstillingsplanen og i handlingsplanen for 2016. Basert på programstatusvurderinga i 2016, og omstillingsstyret sitt strategiarbeid i haust, er det gjort visse tilpassingar i målformuleringane. Dei kvantitative måleparametrane knytt til sysselsetting og folketal ligg fast, men det er gjort endringar i periodiseringane. Det er også lagt inn nye måleparameter knytt til utviklingsevne. I tillegg er omgrepet «robust næringsstruktur» konkretisert, gjennom å definera kva dette betyr for Lærdal.

Status og utfordringar i omstillingsarbeidet i Lærdal er nærmare skildra i vedlagt handlingsplan for 2017, slik de har bede om.

Lærdal, 16.12.2016

Jan Geir Solheim
ordfører

Alf Olsen jr.
rådmann

Arve Tokvam
dagleg leiar

Vedlegg:
Dok.dato
16.12.2016

Tittel
Handlingsplan 2017 for
omstillingsprogrammet i
Lærdal.pdf

Dok.ID
119263